



**OPPLÆRINGS-  
KONTORET**

FOR OFFENTLEG SEKTOR  
I SOGN OG FJORDANE

# Årsmelding 2025



OKOS sine kandidater på fagbrevutdeling 21.03.25; 7 HEA og 6 BUA.

---

**Opplæringskontoret for offentlig sektor i sogn og Fjordane SA**

[www.okosweb.no](http://www.okosweb.no)

Askvoll kommune- Bremanger kommune – Fjaler kommune – Gulen kommune – Hyllestad kommune –  
Høyanger kommune – Solund kommune – Sunnfjord kommune – SYSIKT

## Innhold

Forord .....	3
Innleiing.....	4
Medlemsbedrifter 2025.....	5
Fagbrev og kontraktar .....	5
Rekruttering .....	6
Internasjonalisering.....	7
Kurs og samlinger .....	7
OKOS nytt .....	8
Økonomi.....	8

## Forord

Opplæringskontoret for offentlig sektor i Sogn og Fjordane (OKOS) har sidan 01.01.2020 vore organisert som eit samvirkeforetak (SA). Dette gir medlemsbedriftene gode moglegheiter til medverknad, styring og vidare utvikling av verksemda.

OKOS har gjennom 2025 hatt ei stabil medlemsmasse, samstundes som vi kontinuerleg arbeider for å rekruttere nye medlemsbedrifter. Dette er avgjerande for å sikre eit breitt og robust grunnlag for lærlingordninga i offentlig sektor i regionen.

Visjonen vår ligg fast: Å bidra til at offentlig sektor skal vere ein attraktiv arbeidsplass – både i dag og i framtida. Gjennom tett oppfølging av lærlingar og god støtte til medlemsbedriftene i opplæringsarbeidet, legg vi til rette for utvikling fram mot fagbrev. Aktiviteten i året som har gått viser at OKOS leverer god kvalitet, med både fysiske og digitale kurs, i tillegg til tett oppfølging ute i kommunane.

Medlemsbedriftene har over tid vist ein jamn og stabil etterspørsel etter lærlingar. Dette er ein viktig føresetnad for drifta av OKOS, og eit tydeleg signal om behovet for fagkompetanse i offentlig sektor.

Styret har også i 2025 hatt særleg merksemd på dialog og samhandling med medlemsbedriftene. Det er avgjerande for oss å forstå utfordringsbildet knytt til rekruttering og kompetansebehov, ikkje minst i lys av behovet for fleksibel bruk av arbeidskraft mellom oppvekst- og helsesektoren. OKOS skal vere ein synleg og relevant samarbeidspartnar, både når det gjeld ungdomslærlingar, vaksne lærlingar og inkludering av nye landsmenn i arbeidslivet.

Eit sentralt arbeid for styret i 2025 har vore gjennomføring av ein grundig og god prosess knytt til rekruttering av ny dagleg leiar. Det var eit mål å finne ein leiar med både helsefagleg bakgrunn og relevant leiarkompetanse, noko vi vurderer som viktig for å møte framtidige behov i medlemsbedriftene. Styret er svært nøgd med prosessen og ikkje minst resultatet, og vi er glade for at vi fekk på plass ny dagleg leiar frå 01.12.2025.

Det er all grunn til å tru at OKOS vil halde fram med å vere ein viktig bidragsytar til fag- og yrkesopplæringa i åra som kjem.

Anne Kristin Førde

Styreleiar

## Innleiing

Opplæringskontoret for offentlig sektor i Sogn og Fjordane SA (OKOS) legg med dette fram si årsmelding for driftsåret 2025.

Kontoret er den største nettverksorganisasjonen innan fagopplæring for offentlig sektor i Sogn og Fjordane.

Styret har i perioden hatt 4 ordinære styremøte og årsmøte. I tillegg har det vore tett dialog mellom styreleiar og dagleg leiar mellom møta.

Organisasjonen sine vedtekter er det formelle grunnlaget for OKOS si verksemd og reviderast ved behov.

Saman med sine medlemsbedrifter har OKOS vore juridisk ansvarleg for omlag 80 lærekontraktar innan faga barne- og ungdom, helsearbeidar, reinhaldsoperatør og IT-driftsfaget.

Administrasjon og kvalitetssikring av lærlingordninga er viktige driftsoppgåver.

Sentrale arbeidsområde for kontoret har vore formidling av søkarar til læreplass, etablere og vedlikehalde kontraktar for det enkelte læreforhold, kursverksemd for lærlingar og instruktørar, oppfølging og kvalitetssikring av lærlingordninga, ivareta individuell tilrettelegging, samt rådgjeving til medlemsbedriftene.

### Styret

Styret består av 5 medlemmar, 4 frå medlemsbedriftene og 1 frå Fagforbundet. Medlemmane blir valt for 2 år om gangen slik at berre halvparten av medlemmane er på val kvar gong.

Styreleiar er på val kvart år.

Styret har i perioden april 2025 – til årsmøtet i april 2026 hatt denne samansetninga:

Anne Kristin Førde	Styreleiar (Bremanger kommune)
Frode Merkesvik	Nestleiar og lærlingrepresentant (Høyanger kommune)
Dagun Muri	Medlem (Sunnfjord kommune)
Elin Garnes Solås	Medlem (Hyllestad kommune)
Magne Hestad	Medlem (Fagforbundet)
Dag Kåre Ripe	1. varamedlem (Sunnfjord kommune)
Hildegunn Hatlem	2. varamedlem (Hyllestad kommune)
Sigrun Bøe Perez	Varamedlem (Fagforbundet)

## **Sekretariat/administrasjon**

Dagleg leiar: Hans-Børge Lillehaug fram til 31.12.25.

Ny dagleg leiar frå 01.01.26: Hege Hov

Administrasjonssekretær: Malene Hovland Vie

## **Medlemsbedrifter 2025**

Bedrifter som driv fagopplæring i relevante fag for sektoren kan søke om medlemskap.

Pr. 31.12.2025 var 9 godkjente lærebedriftene tilknytt opplæringskontoret:

Askvoll kommune

Gulen kommune

Solund kommune

Bremanger kommune

Hyllestad kommune

Sunnfjord kommune

Fjaler kommune

Høyanger kommune

SYSIKT

Vik kommune valgte å avslutte samarbeidsavtalen med OKOS i slutten av året 2025.

## **Fagbrev og kontraktar**

### **Fullførte fagbrev**

I 2025 var det 31 kandidatar som fullførte si utdanning og fekk fagbrev. Dette var samme tal som i 2024. Av desse var det 15 stk som fekk vurdert prøve til bestått mykje godt.

Av kandidatane som fullførte fagbrev var det 19 kandidatar i helsearbeidarfaget, 10 kandidatar i barne- og undomsarbeidarfaget, og 2 stk i reinhaldsoperatørfaget.

### **Kontraktar**

I samsvar med gjeldande rutine blir nye kontraktar registrert i databasen for lærekontraktar, VIGObedrift.

Val av kontraktstype vurderast individuelt; lærekontrakt, «Fagbrev på jobb»-kontrakt eller opplæringskontrakt. Fylkeskommunen godkjenner til slutt kontraktane med bakgrunn i det nasjonale regelverket.

Gjennom 2025 har det vert jobba mykje med reinholdsoperatørfaget, og fått fleire på kontrakt for opplæring, der mesteparten har fått fagbrev på jobb kontrakt. Bremanger kommune har utgjort stor andel av kontrakter, der 14 kandidatar har fått tilbod om kontrakt. Hyllestad kommune, Høyanger kommune og Sunnfjord kommune har også fleire kandidater som har fått kontrakt med OKOS, innan reinhaldsoperatørfaget.

## Rekruttering

Medlemsbedriftene melder inn sitt behov for nye lærlingar til opplæringskontoret kvart år. OKOS formidlar og oppdaterer oversikt over aktuelle arbeidsgjevarar og fag på heimesida.

I tillegg til bedrifta si eiga annonsering blir oversikta over ledige lære plassar også formidla direkte til aktuelle kandidatar i faga. Kandidatane søker lære plass til dei aktuelle arbeidsgjevarane som veljar sine kandidatar.

Gjennom samarbeidsavtalen mellom OKOS og Førde vidaregåande skule, skal OKOS ivareta rekruttering til lære plassar og framtidig arbeid i OKOS sine medlemsbedrifter. Eit tiltak er då og gå inn i klassane både i helsefag, og barne-og ungdom, for å framsnakke yrket og behovet for arbeidskraft i framtida. Dette har vert viktig, då ein ser at fleire elevar velger å gå vidare utdanning mot studiekompetanse.

Pr. 31.12.25 var det 77 aktive kontrakter. Der helsefag og barne-og ungdomsarbeidarfaget utgjer størst andel av kontraktene.

## Internasjonalisering

OKOS gjennomførte våren 2025 utplassering av 2 lærlingar i barne-og ungdomsarbeidarfaget i 3 veker i barnehage i Tallinn, Estland. Lærlingane kom frå Hordaland, då 2 aktuelle deltakarar frå Sogn og Fjordane måtte trekke seg.

Det er plan om å vidareføre prosjektet i 2026, men det har vert utfordrande med å rekruttere aktuelle kandidatar. Våren 2025 var daglig leiar ilag med faglig leiar frå Sunnfjord kommune til Malta, for å besøke mogleg utplassering innan helsearbeidarfaget. Dette viste seg ikkje å vere eigna til utplassering, arbeidet vil då truleg bli jobba med vidare i 2026/2027.

Tiltaket er i hovudsak finansiert av EU-midlar gjennom Erasmus+, EU sitt program for utdanning, opplæring, ungdom og idrett.

Det er ei målsetting at slike tiltak skal auke det faglege utbytte for den enkelte deltakar. For arbeidsgjevar er truleg omdømme som attraktiv lærebedrift det viktigaste.

## Kurs og samlinger

OKOS har i 2025 gjennomført fleire kurs og samlinger for lærlingar, instruktørar og faglig leiarar. Dette er blant anna førstehjelpskurs, fagprøvesamling, introsamling for nye lærlingar, og instruktørkurs.

Dette skal vere med på å kvalifisere medlemsbedritene som lærebedrift, og ivareta kompetansemål som kan vere vanskeleg for enkelte bedrift å dekke.

Kursinnhaldet har ei stor fagleg bredde, så det er derfor nødvendig å samarbeide med ei rekke institusjonar og enkeltpersonar for å sikre eit godt fagleg utbytte.

OKOS har så langt betalt alle kostnadane med planlegging og gjennomføring av kursa.

Kursa blir marknadsført direkte til aktuell målgruppe og påmelding blir ivaretatt gjennom eit eige webbasert påmeldingssystem via heimesida vår.

## OKOS nytt

Tidligare har det blitt publisert nyheitsblad med omtale av opplæringskontoret sine aktivitetar og anna informasjon. Pga. manglande kapasitet og lite ressursar i 2025, har dette ikkje blitt prioritert. Dette er noko ein vurderer å ta opp igjen i 2026.

## Økonomi

### **Utbetaling av tilskot til medlemsbedriftene**

Det blei utbetalt omlag 2,89 mill (2,85 mill i 2024) til medlemsbedriftene i ordinært lærlingtilskot.

### **Rekneskapen**

Resultatrekneskapen for driftsåret 2025 viser eit driftsoverskot på kr 258.636.- (2024: eit overskot på kr 101 338.-). Budsjettet i 2025 var eit rekneskap i balanse og driftsoverskotet blir overført til eigenkapitalen.

Bokført eigenkapital utgjer kr 2.830.884 mot kr. 2.572.248 ved starten av året.

Viser til rekneskapsrapport og revisjonsmelding og for detaljar.